

**Sogn Regionråd  
Postboks 153**

**6851 SOGNDAL**

## **Regionalt samarbeid i Sogn om nærings- og samfunnsutvikling - innspel til Sogn Regionråd**

Sender med dette over innspelsnotat til nytt 3-års samarbeidsprosjekt i Sogn. Ber om at dette vert lagt fram som sak til regionrådet sitt møte den 30/10/20 som avtalt.

Med helsing  
**Sogndal kommune**

**Joakim Systaddal  
tenesteleiar**

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.*

Kopi til:

Luster Kommune, Postboks 77, 6866 GAUPNE

Årdal Kommune, Statsråd Evensensveg 4-6, 6885 ÅRDALSTANGEN

Årdal Utvikling, Postboks 126, 6881 ÅRDALSTANGEN

Lærdal Kommune, Postboks 83, 6886 LÆRDAL

Lærdal Næringsutvikling AS, Postboks 28, 6886 LÆRDAL

Aurland Kommune, Vangen 1, 5745 AURLAND

Vik Kommune, Postboks 134, 6891 VIK I SOGN

Høyanger Kommune, Postboks 159, 6991 HØYANGER

Høyanger Næringsutvikling AS, Postboks 163, 6991 HØYANGER

# Regionalt prosjekt næringsutvikling i Sogn

## Saka gjeld

Sogn Regionråd utarbeider ny regionalplan som skal vere ferdig i mars 2021. Det er behov for å sette auka ressursar bak den delen av arbeidet som er knytt til nærings- og samfunnsutvikling.

## Bakgrunn

Sogndal kommune har i samanslåingsprosessen lagt til grunn ein ambisjon om at den nye kommunen skal ta eit større regionalt ansvar for vekst og utvikling. Dette har vore drøfta i næringsnettverket og regionrådet ved fleire høve, seinast under felles formannskapsmøte i Sogndal i september 2020. I dette møtet peika ein på eit sterkare og meir formalisert arbeid for å oppnå dei resultatane ein ynskjer for områda knytt til nærings og samfunnsutvikling. I Sogn er samarbeidet om næringsutvikling godt, og kommunane kjenner kvarandre og samarbeider alt i dag om næringsutvikling gjennom næringsnettverket i Sogn Regionråd. Det er samstundes behov for å klare å løfte meir saman, på toppen av det lokale arbeidet. Kampen mot sentralisering går kvar einaste dag, endringar i organisering av Politiet, Statens Vegvesen og truslar mot flyplasstilbodet er døme på dette. Tida framover vil utfordre regionen på desse og mange fleire områder.

## Forslag til innretning

Året 2020 er starten på ei ny tid. Nye strukturar er i støypeskeia både hos fylkeskommunen, fylkesmannen og andre regionale aktørar som har følgd oss lenge. Det krev noko nytt, også av kvar enkelt kommune – og ikkje minst av regionane. Sogn er eit etablert bu- og arbeidsområde, og har på mange måtar gode føresetnadar for framtida. Me veit at kvalitetane er gode, men det vert viktigare enn nokon gang å bruke desse kvalitetane til å sikre oss ein god posisjon også i framtida. Regionane rundt oss mobiliserer meir enn nokon gang, og sjølv om me opplever å ha eit forsprang må me unngå haren sin skjebne i det evig relevante løpet mot skilpadda.

Sogndal kommune foreslår difor at regionen set av midlar til eit felles treårig prosjekt med ein dedikert prosjektressurs. Denne ressursen skal jobbe på vegne av kommunane i regionen for å følgje opp prioriterte satsingsområde i regional plan. Ressursen har to hovudoppgåver:

- 1. Strategisk arbeid med nærings- og samfunnsutvikling knytt til oppfølging av innsatsområda i regionalplanen:**
  - a. Politikkkførebunde arbeid, sikre at regionen er ein synleg utviklingsaktør og aktiv pådrivar for gjennomslag på samferdsleområdet og andre strategisk viktige områder for regionen.
  - b. Bidra inn i administrative prosessar av viktighet for regionen, som til dømes regionalt planarbeid, arbeid med å sikre rett kompetanse i arbeidslivet osv.
- 2. Bidra til å utvikle og koordinere konkrete utviklingsprosjekt. I 2020/2021 har regionrådet slutta seg til fylgjande fire delprosjekt:**
  - a. Reiseliv. Samarbeid om produktutvikling og infrastruktur. Stimulere og bidra til fleire aktivitets- og kombinasjonsprodukt i reiselivsnæringa i Sogn. Samarbeid om forbetre infrastrukturen som er viktig for reiselivet.
  - b. Teknologi og digitalisering. Bidra til at Sogn vert leiande i det 4. industrielle skiftet, og tek i bruk ny teknologi og digitalisering for å skape konkurransekraft.
  - c. Profil og merkevare for Sogn. Sogn har samla ein variert arbeidsmarknad, og i åra som kjem vil det vere ein kamp for å sikre seg dei beste hovuda. Å arbeide med å

profilere Sogn som ein god plass å bu, arbeide og drive næring vil vere viktig for å sikre rett arbeidskraft til regionen.

- d. Offentlege arbeidsplassar. Målretta arbeid administrativt og politisk på regionnivå for å legge til rette for dei eksisterande verksemder samt arbeidast for å få etablert nye statlege arbeidsplassar.

Den administrative ressursen vil få i ansvar å koordinere desse utviklingsprosjekta, i tillegg til å utvikle nye. Gjennomføringa av dei ulike delprosjekta krev eigne dedikerte ressursar, og kan finansierast av den avsette ramma. Prosjektet kan be kommunane om ytterlegare tilleggsfinansiering frå kommunane dersom styringsgruppa ynskjer det. Det skal også vurderast om prosjekta kvalifiserer til ekstern finansiering frå til dømes fylkeskommunen.

### Sogndal kommune foreslår fylgjande organisering av prosjektet:

**Eigar:** Sogn Regionråd

**Prosjektansvarleg:** Arnstein Menes (på vegne av ordførarane)

**Prosjektleiing:** Sogndal kommune v/ tenesteeining for nærings- og samfunnsutvikling

**Styringsgruppe:** Ordførarane i Sogn (Sogn Regionråd)

**Ressursgruppe:** Næringnettverket + Visit Sognefjord, Sogn for alle, dagleg leiar i Sogn Regionråd

Arbeidet vert føresett å henge tett saman med dei enkelte kommunane sitt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid, og ein viktig del av arbeidet i prosjektet vert å samordne innsatsen mellom kommunane, og sikre at næringsapparata og politisk- og administrativ leiing i dei enkelte kommunane er godt oppdaterte om arbeidet undervegs.

## Økonomiske og administrative konsekvensar

<b>Kostnader</b>	
<i>Oppgåver knytt til pkt. 1</i>	<b>Kr 500.000,00</b>
<i>Oppfølging av delprosjekt i pkt. 2</i>	<b>Kr 1.500.000,00</b>
<b>Sum - kostnader</b>	<b>Kr 2.000.000,00</b>
<b>Finansiering (80% folketal, 20% fast)</b>	
Høyanger	<b>kr 256 844,59</b>
Vik	<b>kr 185 456,46</b>
Sogndal	<b>kr 634 042,76</b>
Aurland	<b>kr 143 870,19</b>
Lærdal	<b>kr 160 670,26</b>
Årdal	<b>kr 310 020,48</b>
Luster	<b>kr 309 095,26</b>
<b>Sum - finansiering</b>	<b>kr 2.000.000,00</b>

Det vert føresett at Sogndal kommune er vertskommune for arbeidet.

### Forslag til vedtak

Regionrådet sluttar seg til prosjektet, og fyl opp finansiering i kvar enkelt kommune i samband med budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2023.